



Bkk As
Postboks 7050
5020 Bergen

Referansenr.	Saksnr.	Saksh.	Dykkar ref.	Vedtaksdato
26/49914	26/4512	Monica Moberg - 56 57 50 00 post@bjornafjorden.kommune.no		24.06.2026

Vedtak om dispensasjon - 73/57, 61/154 m.fl., Hegglandsdalsvegen - Omlegging av eksisterende høgspent luftnett til jordkabel

Tiltak: Omlegging av eksisterende høgspent luftnett til jordkabel
Byggjestad: Gbnr: 73/57 Hegglandsdalsvegen
Tiltakshavar:
Ansvarleg søkjar:

Delegasjonssak nr.: 606/2026

Bjørnafjorden kommune gir dispensasjon frå § 10.17, LNF føremålet og § 2.5.1, Naturområde – VN, i KDPA for omlegging av eksisterande høgspent luft nett til jordkabel slik det går fram av søknaden.

Dispensasjonen er gitt på følgjande vilkår:

1. Det nye kabelanlegget skal etablerast med minst mogleg varige inngrep i naturmiljø og dyrka mark. Inngrep i Vallaelva og kantvegetasjonsbeltet må løyve handsamast etter gjeldande regelverk, og det må søkast separat om dette til Statsforvaltaren i Vestland.
2. Tiltaket må gjennomførast i tråd med forvaltningsplanen for Oselvvassdraget sine føringar.
3. Tiltaket må ikkje vere til skade for og forringe naturverdiane som ligg til vassdraget. Om det på enkelte plassar vil vere risiko for avrenning, må det etablerast eigna avbøtande tiltak, jf. naturmangfaldlova § 11.
4. Det må sikrast at det ikkje førekjem avrenning av finpartiklar til Oselvvassdraget som kan kome til å skade elvemusling som trua art og nasjonal ansvarsart.
5. Inngrep i naturmiljø og dyrka mark blir avgrensa til det som er nødvendig, og at området blir tilbakeført i tråd med moderne praksis basert på naturleg frøbank.
6. Eventuelle kulturminnefunn må meldast til Vestland Fylkeskommune, og alt arbeid stansast inntil rette mynde har vurdert/nærmare dokumentert funna.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga. Vedtaket er gjort med heimel i pbl. § 19-2.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er starta opp innan tre år etter at vedtak om dispensasjon er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

1. Saksopplysningar

1.1. Tiltak



Saka gjeld søknad om omlegging av eksisterande høgs pent luft nett til jordkabel frå industriområdet i Hegglandsdalsvegen, gbnr 65/4, i nord til gbnr 62/4 i sør.

Tiltaket omfattar to kryssingar av Vallaelva. Den eine kryssinga vert utført langs eksisterande bru utan inngrep i elveløpet. Den andre kryssinga vert utført ved legging av kabel i rør under elva, og vil medføre eit avgrensa inngrep i anleggsperioden.

Trasélengde er oppgjeve til om lag 2000 meter. Søkjar viser til at kabeltraséen følgjer i hovudsak eksisterande veg og tekniske inngrep. Inngrepa er avgrensa og i stor grad midlertidige, og påverka areal vert sett tilbake etter avslutta anleggsarbeid.

Søkjar viser til at etter justering av traséen kryssar tiltaket ikkje lenger overflatedyrka mark, og påverknaden på landbruksareal er fjerna. Traséen er i større grad lagt i område med eksisterande teknisk preg.

Sjølve anlegget er omfatta av områdekonsesjon og er difor unntatt søknadsplikt etter plan- og bygningslova, jfr Sak § 4-3.

Det blir elles vist til søknad motteke 27.04.2026, med tillegginfo motteke 27.05.2026 og 29.5.2026.

1.2. Planstatus

På austsida av Vallaelva er området uregulert og sett av til LNF-føremål i kommunedelplan (KDPA).

I sør der det er planlagt kryssing av Vallaelva på eigedomen, 62/4, er det regulert til Naturområde, VN, i reguleringsplan for Detaljreg Valle gnr 62 brn 4 m. fl.

Føresegner til KDPA § 2.5.1;

«Naturområde – VN (6600) (pbl §12-7 nr 1,4) viser til følgjande:

«2.5.1.1 Arealformål VN er naturområde til Valle-elva (Osvassdraget)

2.5.1.2 I naturområdet er tiltak utanom sikringstiltak mot flaum og avrenning ikkje tillat.

Kantvegetasjon skal bevarast.»

Det omsøkte tiltaket ligg og innafor med omsynssone H540 Oselvvassdraget, i sone H540_3, § 6.1.13. HEGGLANDSDALEN (vest) med Valleelva, forvaltningsklasse 3. Forvaltningsplan for Oselvvassdraget viser til følgjande:

«Retningslinjer

Vern av landskapselement og naturmiljø skal vektleggjast. Ein må unngå alle former for endring av areal i vassdragsbeltet. I Valleelva bør ikkje arealbeslag tillast i risikosone 2 for elvemusling jf. Rådgivende Biologer.

Eventuelle tiltak må vurderast opp mot konflikttabell og prinsipp om sesongbasert forvaltning. Ved planlegging om hogst bør det sendast melding til kommunen.»

1.3. Nabovarsel

Det er inngått skriftlege avtalar med grunneigarar langs traseen. Søkjar informerer at eventuelle naboar vil bli varsla om tiltaket i rimeleg tid før oppstart.

1.4. Uttale frå anna mynde



Søknad om tiltak/dispensasjon er sendt på uttale til Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland av søkjar.

Det er mottatt uttale frå Statsforvaltaren i Vestland, datert 6.5.2026:

«Statsforvaltaren føreset at det nye kabelanlegget blir etablert med minst mogleg varige inngrep i naturmiljø og dyrka mark. Inngrep i Vollaelva og kantvegetasjonsbeltet må løyvehandsamast etter gjeldande regelverk, og det må søkast separat om dette.

Vi viser til forelegginga av nytt kabelanlegg i Hegglandsdalen. Kabeltraséen vil følgje eksisterande traktorveg, men omfattar òg ei strekning gjennom dyrka mark og to kryssingar av Vollaelva.

Vi legg generelt til grunn at inngrep i naturmiljø og dyrka mark blir avgrensa til det som er nødvendig, og at området blir tilbakeført i tråd med moderne praksis basert på naturleg frøbank.

Det er gunstig for fuglelivet at ei gamal luftlinjestrekning med piggisolator kan fjernast, og at anleggsfasen er lagt utanom hekkesesongen.

Det er planlagt to kryssingar av Vollaelva, og dette vil òg innebere inngrep i kantvegetasjonsbeltet langs elva. Den eine kryssinga vil gå i eksisterande bru, og vil ikkje føre til inngrep i sjølve elveløpet, medan den andre vil gå i røyr som skal gravast ned i elvebotnen.

Vollaelva er ei sideelv i Oselvvassdraget, og elva har bestand av laks og sjøaure på tiltaksstrekninga. Bestandssituasjonen er god for laks, men dårleg for sjøaure. Det er bestand av elvemusling i Oselvvassdraget. Elvemusling er raudlista, i kategori sårbar (VU), men bestanden i Oselva er livskraftig.

Vi presiser at inngrep i elva og kantvegetasjonsbeltet krev løyve etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag og vassressurslova § 11 (om kantvegetasjon). Det må søkast separat om dette til Statsforvaltaren. Vi kan handsame ein søknad relativt raskt, føresett at vi får nødvendige opplysningar om kva tiltaket vil innebere av inngrep og eventuelle avbøtande tiltak.

Vi minner om forureiningslova § 7 om å unngå forureining, og § 8 om vanleg forureining frå mellombels anleggsdrift. Kreosot eller betong i stolpar som skal fjernes er næringsavfall og kan innehalde miljøgifter som krev spesiell handsaming, jf. forureiningslova § 32 og avfallsforskrifta kap. 11 om farleg avfall.»

Vestland fylkeskommune har i brev datert 11.5.2026 følgjande uttale til søknad:

«Vi viser til brev datert 27.04.2026 med søknad om legging av jordkabel på søraustsida av Vallaelva i Bjørnafjorden kommune. Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regional kulturmiljøstyresmakt.

Jordkabel skal erstatte luftspenn og er planlagt på søraustsida av Vallaelva i Hegglandsdalen.

Strekket blir ca. 2 kilometer i lengd og skal følgja eksisterande veg og traktorveg. Ut frå arkivmateriale, historiske flyfoto og samferdselsoga i bygdeboka for Os, kan vi ikkje sjå at det



omsøkte tiltaket vil koma i konflikt med automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Dersom det kjem fram eventuelle funn ved gjennomføring av tiltaket må Vestland fylkeskommune få melding, og alt arbeid stansast inntil rette forvaltingsmynde har vurdert/nærare dokumentert funnet (jfr. kulturminnelova § 8, 2.ledd).»

2. Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå til LNF og naturområde (VN) i KDPA.

2.1. Grunngeving:

Søklar har den 27.5.2026 sendt inn følgjande grunngeving for dispensasjon:

«Tiltaket ligg delvis i område avsett til LNF og naturområde (VN). Det vert med dette søkt om dispensasjon frå gjeldande arealføremål.

Tiltaket omfattar etablering av straumforsyning innanfor ramma av områdekonsesjon etter energilova, og er nødvendig teknisk infrastruktur. Omlegging frå luftlinje til jordkabel vil gi betre forsyningstryggleik, redusert vedlikehaldsbehov og mindre visuell påverknad i området. Kabeltraséen følgjer i hovudsak eksisterande veg og tekniske inngrep. Inngrepa er avgrensa og i stor grad midlertidige, og berørte areal vert sett tilbake etter avslutta anleggsarbeid. Den justerte traséen reduserer samla påverknad på arealinteresser. Etter vår vurdering er fordelane ved tiltaket større enn ulempene.»

2.2. Regelverk:

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gi dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det blir dispensert frå, plan- og bygningslova sin formålsparagraf eller nasjonale eller regionale interesser ikkje bli vesentleg sett til side. For det andre må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggst særleg vekt på konsekvensane dispensasjonen har for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan sette vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må ligge innanfor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjonen kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (198485) s 102.

2.3. Vurdering:

Omsyna bak landbruk, natur og friluftsføremålet (LNF) er i hovudsak å verne om samfunnsinteresser knytt til landbruk, natur og friluftsliv. Det er ønskeleg å unngå uheldig omdisponering og fragmentering av landbruksområde og anna grønstruktur, samt unngå konflikt om arealbruken ved motstridande interesse i same område.

Omsyna bak naturområde (VN) er i hovudsak å sikre mot inngrep i naturområdet og tiltak utanom sikringstiltak mot flaum og avrenning ikkje tillat. Kantvegetasjon skal bevarast.

Då føremåla i stor grad er samanfallande, blir dei vurdert samla.

Spørsmålet er først om dispensasjon vil føre til vesentleg tilsidesetting av omsyna bak LNF



føremålet og naturområde (VN), formålsparagrafen eller nasjonale eller regionale interesser.

Tiltaket gjeld omlegging av høgspenlinje frå luftleidning til jordkabel langs Vallaelva. Trasélengde er oppgjeve til om lag 2000 meter. Jordkabel følgjer i hovudsak eksisterande landbruksveg.

Søklar viser til at omlegging frå luftlinje til jordkabel vil gi betre forsyningstryggleik, redusert vedlikehaldsbehov og mindre visuell påverknad i området. Kabeltraséen følgjer i hovudsak eksisterande veg og tekniske inngrep. Inngrepa er avgrensa og i stor grad midlertidige, og berørte areal vert sett tilbake etter avslutta anleggsarbeid.

Administrasjonen støttar søklar sine argument og legg til grunn at terrenget blir tilbakeført etter utført arbeid og tiltaket vil etter ferdig arbeid ikkje ha negative verknader for landskap, naturmiljø eller kulturminne. Det er sett vilkår i løyve for å sikra at tiltaka blir gjennomført i tråd med forvaltningsplanen for Oselvvasdraget.

I tillegg må ein vurdere om omsyna i lovas føremålsføresegn blir vesentleg sett til side. Dette inneber ei vurdering av omsyna til pbl. § 1-1. Det skal her leggjast vekt på langsiktige løysingar og konsekvensane for miljø og samfunn skal beskrivast. Høgspenkabel for framføring av straum er tiltak det ikkje alltid er mogleg å regulere for. I regulert område kan det setjast av areal til dette, men i uregulert område vil plassering av desse tiltaka som oftast krevje dispensasjon. Framføring av naudsynt straum er viktig av omsyn til samfunnstryggleik og etter ei samla vurdering finn administrasjonen at omsynet bak pbl. § 1-1, § 10.17 LNF føremålet og § 2.5.1, naturområde (VN) i KDPA, formålsparagrafen eller nasjonale eller regionale interesser ikkje vert vesentleg tilsidesett ved ein dispensasjon.

Spørsmålet er om det er «klart» større fordelar enn ulemper med å gje dispensasjon.

Administrasjonen legg i vår vurdering vekt på at det er ein fordel å få lagt ned høgspenleidning i bakken for å sikra straumforsyninga. Delar av traseen som er valt ligg langs eksisterande landbruksveg og dette gjer minst inngrep i terrenget. Store delar av arealet kan reetablerast og takast i bruk som før etter gjennomført arbeid. Karakteren og bruken av området blir tekne vare på, naturmiljøet blir ivareteke, og tiltaket gir både miljømessige og samfunnsmessige fordelar. Å leggje om frå luftleidning til jordkabel gir ei meir robust og framtidsretta løysing, mindre arealbruk og mindre belastning på vegetasjon og landskap. Dei moglege ulempene ved tiltaket er vurderte som avgrensa med dei vilkår som er sett i løyvet.

Etter ei samla vurdering er vilkåra for dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 oppfylte. Det kan gjevast dispensasjon frå arealformålet LNF og § 2.5.1, naturområde (VN) i KDPA.

Vurderinga er at det er «klart» større fordelar enn ulemper med å gje dispensasjon.

«Kan»-vurdering

Då ein har funnet at dei materielle vilkåra for dispensasjon er oppfylt, «kan» det bli gitt dispensasjon. Det blir vist til praksis i Bjørnafjorden kommune, kor det blir sagt ja til dispensasjon dersom det ikkje er avgjerande grunnar som talar for å seie nei. Det føreligg ikkje slike avgjerande grunnar, og ein nyttar derfor «kan»-skjønnet til å godkjenne dispensasjon, med dei vilkåra som går fram av vedtaksteksten.

3. Andre vurderingar



3.1. Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8–12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå sektormyndene.

Det er i naturbase registrert elvemusling og laks av stor verdi i Oselvvassdraget. Forvaltningsplan for Oselvvassdraget punkt 7.5 viser til følgjande:

*«7.5. Sesongbasert forvaltning (årshjul) og tiltak relatert til vassføring
Sårbarheit i elva kan variere både geografisk og tidsmessig med årstidene. Nokre tiltak vil vere mogeleg å utføra i elven til visse tider av året, mens til andre tider er det biologiske mangfaldet i elva spesielt sårbart.*

I årshjulet under ser ein tid på året, relatert til forvaltningsklassane, der ein bør vere spesielt merksam når det gjeld gjennomføringa av eventuelle tiltak i og nær elva, samt i nedbørsområdet.

*Laks og aure er mest sårbar i perioden oktober-november og april-juni.
Dei unge elvemuslingane (1-3 år) som lever i grusen er spesielt utsett for ugunstig vassmiljø og forureining. Dette gjeld heile året.*

Variasjon i vassføring og temperatur

Vassføringa i Oselva varierer mykje gjennom heile året, og i periodar med låg vassføring vil utslepp til elva bli mindre fortynna enn i periodar med høg vassføring. Utslepp av partiklar til vassdraget vil også i større grad sedimentere på elvebotnen i periodar med låg vassføring. Dette kan f.eks. gå utover oksygentilførselen til gytegrøper. Vassdraget vil derfor generelt sett vere meir sårbart for ytre påverking i periodar med låg vassføring enn i periodar med høg vassføring.

Høg vassføring kan tynne ut stor næringstilførsel og hindre uheldige konsentrasjonar av enkelte uønskte stoff. Kombinasjonen av graving og høg nedbørsmengd er heller ikkje gunstig, sidan nedbøren kan føre til erosjon og forflyttingar av masse i elven, noko som igjen fører til høg turbiditet og ugunstige forhold for elvemusling.

Både fisk og elvemusling er vekselvarme dyr, dvs. at dei metabolske prosessane, aktiviteten, og dermed også oksygenforbruket, går opp når temperaturen stig. Ved stigande vass temperatur vert oksygeninnholdet i vatnet redusert. Ytre påverking på vassmiljøet er difor venta å vere meir ugunstig for dei levande organismane i Oselva i periodar med høg temperatur, samanlikna med periodar med låg temperatur.

Det bør difor ikkje gjerast inngrep i elva i periodar med låg vassføring og høg temperatur (t.d. sommarhalvåret). Tiltak kan vurderast gjennomført på vinterhalvåret når det er høg vassføring og låg temperatur.»

Kryssing med graving i elveløp må behandlast av Statsforvaltaren i Vestland i høve vassdrag og vassressurslova § 11 og at det er registrert elvemuslingar i vassdraget.

Administrasjonen kan ikkje sjå at omsøkt tiltak vil kome i konflikt med naturmangfaldslova ut frå dei tiltak søkjar har lagt til grunn og dei vilkår som er sett i løyve til tiltak. Kunnskapsgrunnlaget er funnet å vere tilstrekkeleg, jf. § 8.



Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Tiltaket ligg under marin grense og innafor ras og skredfare. Desse forholda må vurderast nærare i detaljprosjekteringa, og trasé og utføring må tilpassast der det er nødvendig for å oppfylle gjeldande krav til tryggleik.

4. Andre opplysningar

4.1. Vidare handsaming av søknaden

Sjølve anlegget er omfatta av områdekonsesjon og er difor unntatt søknadsplikt etter plan- og bygningslova, jfr Sak § 4-3.

4.2. Mynde

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

4.3. Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Du kan klage på vedtaket. jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå du mottar melding om vedtak. Det er nok at klagen din er postlagt innan fristen går ut.

Du må sende klagen skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar du ønsker. Du må grunngi klagen.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing

Andrea Heitman Olsen
Leder - Byggesak

Monica Moberg
Ingeniør - Byggesak

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:
Oversiktskart Hegglandsdalen Industri

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
Vestland Fylkeskommune	Askedalen 2	6863	Leikanger



Sendar (stemplet til forvaltningsorganet)		Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje leddet)	
		Dato	
③ Mottakar (namn og adresse)		④ Klageinstans	
Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjort kjend med. Klagerett De har rett til å klage på vedtaket. Kven kan De klage til? Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk . Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk ④. Klagefrist Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det. Rett til å krevje grunngeving Dersom De meiner at vi ikkje har grunngeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngevinga. Innhaldet i klaga De må presisere – kva for eit vedtak De klagar på – årsaka til at De klagar – den eller dei endringar De ønskjer – eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga Klaga må underskrivast. Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort. Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk . De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen. Kostnadene med klagesaka De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk ④) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning. Klage til Sivilombodsmannen Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.			
Særlege opplysningar			

0073 N (Godkj. 05-95) Elektronisk utgåve